
Fra: Anita <anita_saether@hotmail.com>
Sendt: 20. mai 2015 12:19
Til: KR-Postmottak
Emne: Vegval - innspel frå Bru sokneråd

06/15 Vegval –høyring om framtidig kyrkjeordning

Bru Sokneråd handsama saka i soknerådsmøte 04.05.2015. Det vart teke utgangspunkt i høyringsnotatet og nokre av spørsmåla som var skisserte der.

Når ei ny kommunereform trer i kraft vil det skje endringar på fleire område, ein må rekne med at det vil kome endringar på prostnivå ved ei eventuell kommunesamanslåing. Bru Sokneråd ser det som naturleg at det i framtida vil verte endringar i strukturar i sokn og sokneråd. Bru Sokneråd ønskjer å halde på ei todeling med fellesråd og sokneråd, og funksjonane til desse organa. Dagleg leiing av soknet må sikrast, bør vere noko leiing på kommunenivå.

Bru sokneråd meiner det er mange usikre moment knytt til ei framtidig finansieringsordning. Vi må vere opne for å tenkje nytt og annleis, men det må takast omsyn til busetjingsmønster og geografi når ressursar skal fordelast. Oppgåver og mynde mellom lokale, regionale og nasjonalt nivå kan vere rom for å endre på. I ein slik prosess vil det vere viktig at dei som sit med leiarskapen framleis har nærleik til kyrkje og kyrkjelyd, og kjennskap til lokalsamfunna og menneska der.

Når det kjem til tilsette og arbeidsgjevaransvar går Bru sokneråd for ei vidareføring (alternativ C). Dersom ein må velje å ha arbeidsgjevaransvaret samla på ein stad meiner vi at dette bør vere på bispedømmenivå.

Med helsing
Anita Sæther
Sekretær